

**Askvoll Senterparti v/ Gruppeleiar Heidi kjempenes**

**Bulandet 29.10.12**

**Solund Senterparti v/ Lokallagsleiar Ann Marie Gåsvær Færøy**

**Det kongelige fiskeri og kyst departement**

**v/fiskeriminister Lisbeth Berg-Hansen**

**Postboks 8818 Dep.**

**0032 OSLO**

Kopi vert sendt til lokale og regionale politikarar

**Gjeld innspel til høyringsnotat-Minstemål på sei.**

Askvoll kommune og Solund kommune i Sogn og Fjordane er to kommunar som har lange tradisjonar innan fiskeri.

I Askvoll er ei av hjørnesteinsbedriftene Bulandet fiskeindustri. Dette er ei bedrift med 20-25 årsverk. I sommarsesongen er der meir enn 40 arbeidrarar. Denne bedrifta får levert 75 % av råstoffet sitt frå kystnotflåten heimehøyrande i distriktet. Dersom minstemålet på sei vert auka slik det er føreslått i høyringsnotatet betyr det slutten for Bulandet fiskeindustri og tap av svært mange arbeidsplassar i ein kommune som har status som omstillingskommune og som arbeider hardt for å skape nye arbeidsplassar. Bedrifta ligg i øysamfunnet Bulandet. Det er over 1 t. med ferje til fastlandet og per i dag er det ikkje lagt opp til at folk kan pendle. Det vil difor få svært store fylgjer dersom denne bedrifta vert lagt ned.

Bulandet fiskeindustri har sidan 1997 investert for ca 100 millionar. I 2003 fekk vi veg og bru mellom Bulandet /Værlandet, dette skapte stor optimisme og eit større bu og arbeidsområde for øysamfunna. Bulandet er i dag eit svært levedyktig fiskerisamfunn med tru på framtida.

Kystnotflåten har dei seinare åra måtte gjere store grep for og halde tritt med utviklinga. Det har både på Atløy og i Bulandet vore investert store summar og det er seinast i år bestilt ein ny båt. Dei driftar med to sett mannskap, det vil sei at ein båt sysselset 10 mann. Med det føreslårte minstemålet på sei vil det ikkje vere økonomisk mogeleg å drifte med meir enn eit mannskap, dei fleste tilsette er fastbuande i kommunen. Det seier seg sjølv at dette vil få

svært store konsekvensar for samfunnet vårt då det er tufta på fiskeri og fiskeribasert næring.

I Solund kommune sysselset båtar som er avhengig av seifisket ca 30 personar. Ved stopp i seifisket vil ikkje båtane kunne drifte med meir enn eit mannskap, og mange arbeidsplassar vil gå tapt. Dei siste 3 åra har det vore investert store summar i fiskerinæringa i Solund og der er i år skrive kontrakt på nybygg ved Solund verft. Dersom ein hever minstemålet på sei slik det er foreslått i høyringsnotatet vil det få store ringverknader då fiskerinæringa heng tett saman med andre bedrifter. Solund verft, fiskemottak, sjarkfiskarar som er avhengig av nærliek til mottak mm.

Senterpartiet i Askvoll og i Solund ser det som viktig at vi forvaltar ressursane i havet på ein god og forsvarleg måte, men det er ikkje rett at ein flåte skal ta denne belastninga åleine, med dei følgjene dette vil få for små fiskerisamfunn langs heile kysten vår. Næringa er heilt avhengig av ei viss forutsigbarheit dersom det skal satsast og investerast i framtida.

Havforskinsinstituttet seier i rapport frå 2009 at notfisket sør for Stadt ikkje utgjer meir enn 2-3 % av fangstane av Nordsjøsei, og at det har liten betyding for langtidsutbyttet.

Fangstvolumet har og dei seinare åra vore mindre enn fastsette totalkvotar.

Fordelinga mellom flåtegruppene skal ligge fast, med dette forslaget omfordelar ein ressursar frå kystnotflåten til andre flåtegrupper. Det er ikkje rett.

Senterpartiet i Askvoll og Solund ser dette som svært därleg distriktpolitikk som i verste fall vil føre til avfolking av dei små fiskerisamfunna våre. Vi ber difor om at dette forslaget vert trekt og at ein gjer eit grundig arbeid, der fleire instansar vert høyrde i arbeidet med å finne tenlege måtar å forvalte ressursane våre på.

**Mvh**

**Askvoll Senterparti v/ Heidi kjempenes**

**Solund Senterparti v/ Ann Marie Gåsvær Færøy**